



Møteprotokoll

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset i Eidfjord, Kommunestyresalen
Dato:	11.04.2024
Tid:	09:00 – 13:00

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Ove Tveit	Leiar	H
Trygve Solberg	Nestleiar	SV
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	AP
Atle Myklatun	Medlem	H
Liv Myklatun	Medlem	SP

Andre som møte:

Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Magnus Steigedal	Rådmann
Arne Gilbakken	Vestlandsrevisjon IKS
Tommy Årethun	Vestlandsrevisjon IKS
Rebecka Friis	Avdelingsleiar forvaltning (Til PS 12/24)
Eivind Gregersen	HR – leiar (Til PS 12/24)

Kjell Ove Tveit
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/24	Godkjenning av protokoll frå møte 08.02.2024	2023/449	
	Politiske saker		
PS 10/24	ROV – analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028	2023/410	
	Prosessmøte 2		
PS 11/24	ROV – analyse og plan for eigarskapskontroll 2024-2028	2023/410	
	Prosessmøte 2		
PS 12/24	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – kommunen si rolle i næringsutvikling	2022/168	
PS 13/24	Oppfølging forvaltningsrevisjon ny sjukeheim	2024/54	
PS 14/24	Arbeidet i kontrollutvalet, notat frå utvalsleiar. Drøftingssak	2023/459	
	Referat saker		
RS 8/24	Vedtak i kommunestyret - nytt økonomireglement	2023/485	
RS 9/24	Vedtak Årsmelding for kontrollutvalet 2023	2024/20	
RS 10/24	Vedtak Forvaltningsrevisjonsrapport psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær	2022/305	
RS 11/24	SV: Rutinar godtgjersle	2023/459	
	Politiske saker		
PS 15/24	Eventuelt	2023/450	

GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/24 Godkjenning av protokoll frå møte 08.02.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 08.02.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ein merknad til protokoll gjeldane vurdering av habilitet for Atle Myklatun i PS 2/24

Medlem Liv Myklatun ba om at følgjande vart protokollert:

"Utvalet med unnatak av Liv Myklatun fann Atle Myklatun habil til å handsame saka."

Vedtak:

Protokoll frå møte 08.02.2024 med ein merknad vart godkjent.

PS 10/24 ROV – analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

- 1.Kontrollutvalet godkjenner risiko og vesentlegvurdering til plan for forvaltningsrevisjon for 2024 – 2028 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
- 2.Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon orienterte om arbeidet med ROV og planar fram til no.

Kontrollutvalet diskuterte og kom med framlegg til slike endringar i prioriteringar i høve plan.

- a) Oppfølging av politiske vedtak i slutten av perioden.
- b) Sjølvkostområde VA

Gjeldande punkt b er det slik beskrive i ROV:

Kommuneleiinga framheva risiko og stor usikkerheit knytt til økonomi og løysingar for det nye VAanlegget i Sysendalen som er planlagt. I budsjett og økonomiplan for 2024 er det opplyst at: Tilknytingsavgift og årsavgift avløp Sysendalen aukar med 65 %. Tilknytingsavgift og årsavgift vatn. Sysendalen aukar med 35 %. Nytt reinseanlegg i Sysendalen krev store låneopptak dei neste åra. I planperioden er det lagt inn låneopptak på samla kr 145' mill. Ved 100 % sjølvkost er dette kostnader som skal dekkjast av abonnentane i Sysendalen. Det er lagt inn ein stor auke i gebyrsatsane for å dekkja denne kostnaden i planperioden (ca. 200 %). Om talet på nye tilknytningar ikkje vert like høgt som estimert, vil årsgebyret måtta aukast endå meir. For tettstaden Eidfjord vil tilknytingsavgift og årsavgift for avløp auka med 35 %. Her kan det vera vesentleg risiko for både kommunen og innbyggjarane i åra som kjem.

Kontrollutvalet hadde slike stikkord knytt til punkt b) Økonomi, plan, gebyr, generasjonsprinsipp.

Andre tema som vart drøfta:

- Barnevern - organisering
- Rekruttering - spesielt kvalifiserte søkjarar til barnehage.
- PPT - vanskar å få tenester - rekruttering
- Vurdere etterlevingskontroll etter to år på td. forvaltningsrevisjonsrapporten, "Kommunen si rolle i næringsutvikling"

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner risiko og vesentlegvurdering til plan for forvaltningsrevisjon for 2024 – 2028 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

PS 11/24 ROV – analyse og plan for eigarskapskontroll 2024-2028

Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

- 1.Kontrollutvalet godkjenner risiko og vesentlegvurdering til plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
- 2.Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte.

Etter sams drøfting i utvalet vart det konkludert slik:

Kontrollutvalet sluttar seg til prioriteringa frå revisjonen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1.Kontrollutvalet godkjenner risiko og vesentlegvurdering til plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
- 2.Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

PS 12/24 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – kommunen si rolle i næringsutvikling

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg til no nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling.

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

HR - sjef Eivind Gregersen og avdelingsleiar forvaltning Rebecka Friis orienterte.

Etter sams drøfting i utvalet kom ein til slike punkt:

- Kontrollutvalet fastheld at ein ønskjer oppfølging av vedtakspunkt 5 gjennomføring av brukarundersøking.
- Er det mogleg å lage ein meir generell brukarundersøking mot heile forvaltningsnivået i kommunen der ein og til dømes når hytteeigarar som ikkje er folkeregisterregistrert i kommunen?

Kontrollutvalet avsluttar no oppfølginga av forvaltningsrevisjonen med unntak av vedtaket pkt. 5 og ber om å få ei ny vurdering av rådmann i høve spørsmåla i dette møtet knytt til brukarundersøking i neste møte i kontrollutvalet.

Forslag med ei endring i pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

2. Kontrollutvalet ser seg til no nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling med unntak av vedtaket pkt. 5 og ber om å få ei ny vurdering av rådmann i høve spørsmåla i dette møtet knytt til brukarundersøking i neste møte i kontrollutvalet.

Vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg til no nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling med unntak av vedtaket pkt. 5 og ber om å få ei ny vurdering av rådmann i høve spørsmåla i dette møtet knytt til brukarundersøking i neste møte i kontrollutvalet.

PS 13/24 Oppfølging forvaltningsrevisjon ny sjukeheim

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet ser seg nøgd med oppfølginga av revisjonen og avsluttar denne no.

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet ser seg nøgd med oppfølginga av revisjonen og avsluttar denne no.

PS 14/24 Arbeidet i kontrollutvalet, notat frå utvalsleiar. Drøftingssak**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Utvalsleiar orienterte utvalet.

- Nokre hovudpunkt i høve kva som skal vere fokus for kontrollutvalet ma.
- Systemkontroll
- Antikorrupsjon
- Ikkje klageorgan.
- Vedtaksoppfølging
- Tillit
- Etterleving og oppfølging av tidlegare vedtak.
- Kan brukast til erfaringsoverføring til nytt utval.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag samrøystes vedteke,

Saka vert teken til orientering.

Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

RS 8/24 Vedtak i kommunestyret - nytt økonomireglement**Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/24 Vedtak Årsmelding for kontrollutvalet 2023**Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 10/24 Vedtak Forvaltningsrevisjonsrapport psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær**Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 11/24 SV: Rutinar godtgjersle**Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Det framkom to merknader til referatsaka.

Reglement ikkje oppdatert. (Varaordførar 30 % td.)

Usikkerheit knytt til reiserekning og attestasjon av desse. Sekretariatet sjekker med rådmann til neste møte.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 15/24 Eventuelt**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 11.04.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Det vart meldt to saker til eventuelt.

1. Endringar hjå Vestlandsrevisjon IKS.

Arne Gilbakken orienterte kort om endringar i Vestlandsrevisjon IKS.

Det er tilsett fleire nye medarbeidarar i selskapet, mellom anna tidlegare rådmann i Eidfjord, Geir Underhaug. Han vil ikkje ha oppdrag i Eidfjord. Vestlandsrevisjon IKS vil no ha fem tilsette på Voss og fire tilsette med kontorplass i Knarvik.

Ny medarbeidar Tommy Aarethun presenterte seg sjølv.

Etter sams drøfting vart informasjonen teken til orientering.

2. Feiing og mva. problematikk.

Utvalsleiar viste til mellom anna oppslag i Hardanger folkeblad knytt til Ullensvang kommune og MVA - problematikk i høve feietenester.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag samrøystes vedteke:

Kontrollutvalet inviterer rådmann til neste møte i utvalet for å orientere om Eidfjord kommune sin praksis knytt til feieteneste og MVA - problematikk.

Vedtak:

1. Endringar hjå Vestlandsrevisjon IKS.

- Informasjonen vart teken til orientering.

2. Feiing og mva. problematikk.

- Kontrollutvalet inviterer rådmann til neste møte i utvalet for å orientere om Eidfjord kommune sin praksis knytt til feieteneste og MVA - problematikk.